

Får rekningane rett i rekneskapen

Bonde Kjell Thomas Kirketeig har ikkje lenger bruk for ei bulande skuffe med bilag og rekningar. Smart dataflyt har erstatta papir og permar og kommuniserer direkte med rekneskapen.

BV Sjur Håland

Mengda papir i postkassen har blitt monaleg redusert siste året.

– Eg har mest gløymt korleis eg opnar ein konvolutt, fleiper Kirketeig.

– I staden har eg fått eit system på i-pad og smarttelefonen som er lett å finna fram i og førehalda seg til, utdjupar bonden, som driv med mjølkeproduksjon i samdrift saman med gris og sau på Myrabø i Ølen.


Fleire skal med

Framtida er framleis elektronisk. Om kort tid vil truleg rekneskapen til Kirketeig bli oppdatert dagleg. Tveit Regnskap har eit mål om å få 500 av dei 1600 landbrukskundane over på det nye dataflyt-systemet i løpet av to år.

– Dermed vil dei etter kvart få høve til å halda full oversikt over eigne bilag og styra økonomien ut frå sanntidsinformasjon. Veldig nyttig for alle oss som driv med landbruk, seier Andreas Lundegård, som sjølv er bonde, rekneskapsfører og økonomirådgjevar.

Oversikt: Med dataflyt kan bonden sjekka bilag og rekneskap frå mobiltelefonen.

Foto: Tveit Rekneskap.



Koplar mot rekneskapen

Arbeidet med å betale fakturaar og ta vare på bilaga blir gjort utan å førehalda seg til store papirbunker. Lundegård forklarar.

– Sjølve kongstanken bak konseptet, er at fakturaen, som alt er laga elektronisk, blir kopla opp mot rekneskapsprogrammet på rekneskapskontoret ditt. Når fakturaen er laga, går han automatisk inn og legg seg på rett konto i rekneskapen.

Oppgjer for mjølk og slakt legg seg til rette i rekneskapen samstundes med at bonden får oversyn – og pengane inn på kontoen. Ei kraftfôrrekning frå Felleskjøpet vil eksemplis leggja seg inn i rekneskapsprogrammet. Kirketeig kan, frå sin smarttelefon eller i-pad, gå inn og sjekka fakturaen, sjå at alt stemmer, godkjenner, og leggja fakturaen til betaling ved forfall med bank-id.

– Når så beløpet blir trekt i banken, vil bilaget automatisk bli registrert som betalt i rekneskapen hans, seier Lundegård.

App: Med hjelp av ein app scannar Kjell Thomas Kirketeig ein manuell faktura. Denne blir automatisk omarbeidd til fullelektronisk faktura og lagt inn i rekneskapen.



Andreas
Lundegård

On-line rekneskap

I tillegg til å letta kvardagen for bønder og rekneskapsførarar, er målet med digitaliseringa at bonden skal få ein online-rekneskap å førehalda seg til, i staden for rapportar med talmateriale frå rekneskapsperiodar som ligg langt tilbake i tid.

– Slik det er nå, får gjerne Kjell Thomas rapporten for fjoråret først i mars, april året etter. Dermed blir tala gammalt nytt. Nå får me data inn kontinuerleg og kan i teorien oppdatere rekneskapen når han har vore på butikken og handla gjødsel eller rekvisita, forklarar rekneskapsføraren.

For å koma inn i dataflyten til Tveit Regnskap, som nyttar programmet Duett, må bonden gi beskjed til sine leverandørar at han vil ha den fullelektroniske EHF-fakturaen. I følgje Lundegård kan 50-60 prosent av leverandørane bruka denne fakturaen. Kirketeig har kontaktar som ikkje har denne typen faktura.

– Då brukar eg ein app på telefonen, tar bilete av fakturaen, og sender den vidare til Tveit sin leverandør, som så lagar ein fullelektronisk faktura, forklarar han.

Ikkje allergisk

– *Kvifor har du valt å gå på dette systemet. Var det ikkje tryggare før, med papir?*

– Eg er ikkje allergisk mot papir, men det er enklare å betala rekningane på denne måten. Kontonummer og kid er ferdig utfylt. Kvar fredag går eg gjennom bilaga som ligg i programmet og godkjenner. Dermed legg bilaga seg automatisk inn i rekneskapen, samstundes med at rekningane blir lagt på forfall. Når eg skal finna att ei rekning, er det enkelt å gå inn i programmet og søka opp bilaget, erfarer Kirketeig.

Alle rekneskapsførarar med Duett har tilgang til systemet. Tveit Regnskap har vore blant pilot-rekneskapskontora, og har brukt den nye dataflyten hjå enkelte kundar gjennom eit års tid. Oppsida er stor, i følgje Lundegård.

– Også slaktedata og data frå mjølkeoppgjeret kjem rett inn i rekneskapen. Dermed blir det mykje lettare for oss å analysa og laga økonomiske budsjett og rapportar til landbrukskundane.

Mindre manuelt arbeid

Alt kostar. Også dataflyt i gardsrekneskapen. Lundegård meiner likevel at meirkostnaden med det nye systemet etter kvart blir kompensert med mindre behov for manuelle posteringar på rekneskapskontoret.

– Vår jobb framover blir i staden å kontrollere at systemet fungerer, medan me får frigjort tid til rådgiving.

– *Kva om bonden får ei stor rekning som han må venta med å betala?*

– Då ventar han eventuelt med å leggja ho til godkjenning, eller han kan leggja ho til delbetaling i til dømes to omgangar, svarar Lundegård.

Også for ustrukturerte

– *Ikkje alle er like strukturerte med omsyn til rekningar og rekneskap. Bør dei halda fram med papir som før?*

– I dette systemet greier du ikkje rota vekk ein faktura. Dette kan vera enklare for dei som slit litt, samstundes med at det blir lettare for oss som fører rekneskapen.

I systemet kan bonden betala faktura og sjå kva som er lagt til betaling, men får førebels ikkje tilgang til bankkontoen for å sjekka saldoen. Då må ho eller han som før logga seg inn i nettbanken.

– Eg er trygg på at også dette kjem etter ei stund. Utviklinga stoppar ikkje opp, seier Lundegård.

Enklare: – *Eg er ikkje allergisk mot papir, men det er enklare å betala rekningane på denne måten, seier Tveit Regnskapkunde Kjell Thomas Kirketeig.*

